

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Kyrkjevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 17.09.2021  
Vår ref.: 202008678-11  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 10.09.2021  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Ole-Jakob Sande

## **NVE sitt svar på konkret førespurnad knytt til informasjon om sørpeskred og detaljregulering for Felt F7 ved Nysætervatnet - Gnr. 29 bnr. 14 m.fl. i Sykkylven kommune**

Vi viser til e-post 10.09.2021. Saka gjeld spørsmål knytt til vurdering av skredfare som er gjennomført for område ved aktuelt planområde.

I e-posten ligg det ved kopi av skredfarevurdering utført av Asplan Viak AS i 2017, for eit planområde som ligg ovanfor Felt F7. For Felt F7 er det vurdert at sannsyn for skred er mindre enn 1/1000. Kommunen vurderer at det er vurdert tilstrekkeleg tryggleik også for område nedanfor, og ynskjer NVE si tilbakemelding på desse vurderingane.

NVE ga uttale til offentleg ettersyn av planframlegget i brev datert 11.08.2021, der vi m.a. kommenterte manglande avklaring av reell fare for skred for planområdet. Vurderingar som er lagt fram i dykkar e-post var ikkje lagt ved saksdokumenta ved offentleg ettersyn av planframlegget.

NVE er samd med kommunen sine vurderingar basert på dokumentasjonen som er lagt fram i saka, og meiner at det ikkje er forhold som talar for at det må gjerast ytterlegare utgreiingar i planarbeidet.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

